



Stadlandet

Retningslinjer for tilskot til Utvalde kulturlandskap – Stadlandet 2026

Vi har 51 utvalde kulturlandskap i Noreg. Eit av desse er Stadlandet i Stad kommune, Vestland. I dette området kan brukarar og eigarar søkje tilskot til skjøtselstiltak. Her kan du lese retningslinjer for denne tilskotsordninga.

Regelverket er utarbeidd på grunnlag av forskrift om tilskudd til tiltak i Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vegaøyan og Vestnorsk fjordlandskap, FOR-2019-12-18-2024

Føremål

Føremålet med tilskot til tiltak i Utvalde kulturlandskap er å medverke til å sikre verdier knytt til landskap, biologisk mangfald, kulturminne og kulturmiljø, og å sikre langsiktig skjøtsel og drift.

Verkeområde

Regelverket gjeld for det utvalde kulturlandskapet Stadlandet slik det er avmerkt i Naturbase.

Tildeling av tilskot

Stad kommune kan gje tilskot til tiltak som er i samsvar med føremålet med tilskotsordninga. Tiltaka må også vere i samsvar med gjeldande planar for området. Dersom søkjar ikkje er grunneigar, må det ligge føre løyve frå grunneigar og andre rettshavarar. Kjerneområda med skjøtelsplanar er høgt prioritert for tilskot. I 2026 vert beiting i heile UKL prioritert.

Søknadene vert handsama i løpet av mai/tidleg juni.

Tiltak

Kommunen kan løyve tilskot til fylgjande tiltak:

- Restaurering og skjøtsel av areal. Dette er eit prioritert tiltak for å sikre det biologiske mangfaldet, og for å ta vare på kulturlandskapet
- Istandsetjing, vedlikehald og skjøtsel av bygningar og andre kulturminne
- Planlegging av tiltak
- Tilrettelegging for ferdsel og friluftsliv
- Formidlingstiltak
- Andre tiltak som fremjar føremålet med ordninga

Tilskot

Kommunen kan betale ut tilskot til drift og skjøtsel av areal i samsvar med dei mål og tilrådingar som er fastsett i gjeldande skjøtselsplanar for området. I 2026 er det sett av kr 776 000,- til tiltak i UKL Stadlandet.

Følgjande planar er gjeldande for UKL-området Stadlandet:

- Forvaltningsplan for Hoddevik – Liset 2009 – 2029, 2011
- Årdal i Selje. Skjøtselsplan for kulturlandskapet, 2009
- Hoddevik i Selje. Skjøtselsplan for kulturlandskapet, 2010
- Hoddevik i Selje. Tiltaks- og skjøtselstilrådingar for enkelteiendommer, 2010
- Reitane–Sandmælen og sanddynene; nye skjøtselsråd 2025 sameigearealet i Hoddevik
- Ytre Drage, indre og ytre Fure. Skjøtselsplan for kulturlandskapet, 2015
- Historie og kulturlandskapsverdiar og skjøtselsplan for kulturlandskapet på Liset
- Historie og kulturlandskapsverdiar på Skårbø, 2018
- Indre Drage og Austmyr –historie og kulturlandskapsverdiar –skjøtselsplan for kulturlandskapet, 2021

På heimesida til kommunen kan du finne alle dokumenta, [Utvalde kulturlandskap - Hovedportal](#)

Satsane kan endrast som følgje av auke i talet på søknader i området og endringar i budsjettet som vert stilt til rådvelde.

Førebelse satsar for 2026:

Arealtilskot

- Areal som berre blir beita kr 400 per daa per år
- Areal med tillegg av mindre omfattande skjøtsel kr 600 per daa per år
- Areal med tillegg av meir omfattande skjøtsel kr 900 per daa per år
- Areal med tillegg av særskild omfattande skjøtsel kr 1500 per daa per år

Beitetilskot

Kommunen kan etter søknad frå dyreeigar betale ut tilskot for dyr på beite i kjerneområda dersom dette er i samsvar med dei mål og tilrådingar som er fastsett i gjeldande planar for området. I tillegg vert det gjeve tilskot til beitedyr utanom kjerneområda. Grunngevinga er å hindre attgroing av landskapet.

Førebels satsar i kjerneområda:

- Kr 1100 per dyr per år for storfe
- Kr 300 per dyr per år for småfe

Førebels satsar for beiting utanfor kjerneområda:

- Kr 550 per dyr per år for storfe
- Kr 150 per dyr per år for småfe

Andre tiltak

Søknad om tilskot til andre tiltak skal innehalde ei skildring av det planlagde tiltaket og bilete før tiltaket er sett i verk. Søknaden skal innehalde budsjett og gjennomføringsplan, og tiltaket skal merkast av på kart vedlagt søknaden.

Krav til søknad

Søknadsfristen er **30. april for 2026**.

For arealtilskot og tilskot til beitedyr må det kvart år fyllast ut og sendast eit eige søknadsskjema til kommunen. Alt areal det blir søkt om tilskot til, skal vere kartfesta i søknaden.

For andre tiltak må det fyllast ut og sendast søknad om tilskot til særskilde kulturlandskapstiltak til kommunen.

[Tilskudd til Utvalgte kulturlandskap i jordbruket - Landbruksdirektoratet](#)

Arbeidsfrist

Areal- og beitetilskot blir utbetalt etter søknad om utbetaling etter at beitesesongen er ferdig, årleg.

For andre tiltak er fristen for gjennomføring av tiltaket tre år frå det blir løyvd tilskot. Kommunen kan etter søknad forlenge arbeidsfristen, men ikkje ut over fem år frå tilskotet vart løyvd.

Utbetaling av tilskot og krav om rapportering

Arealtilskot og beitetilskot blir utbetalt etter skriftleg melding frå søkjar når arbeidet er gjennomført og/eller dyra har beita.

For andre tiltak betalar kommunen ut det løyvde tilskotet etter skriftleg melding og dokumentasjon frå søkjar når kommunen har godkjent sluttrekneskapen.

Det kan også betalast ut tilskot etter kvart som deler av tiltaket vert utført, på bakgrunn av godkjent dokumentasjon. Minst 25 % av tilskotet skal haldast attende til arbeidet er fullført og arbeidet og sluttrekneskapen er godkjent.

Den som har mottatt tilskot skal levere sluttrapport og sluttrekneskap til kommunen innan fristen som er fastsett i vedtaksbrevet om tildeling av tilskot. Kommunen kan gje nærare krav om rapportering i vedtaksbrevet.

Klagerett

Det kan klagast på vedtak til Statsforvaltaren i Vestland. Kлага skal sendast til Stad kommune. Kommunen sender saka vidare til Statsforvaltaren i Vestland dersom vi ikkje gjer om vedtaket. Klagefristen er tre veker etter at de har motteke vedtaket, jf. forvaltingslova § 29. De kan òg be om å få sjå dokumenta i saka, jf. forvaltingslova §§ 18 og 19.

Opplysningsplikt og kontroll

Den som søkjer om tilskot har plikt til å legge fram alle opplysningar som kommunen og Statsforvaltaren finn nødvendig for å kunne forvalte og kontrollere ordninga.

Kommunen og Statsforvaltaren kan kontrollere at utbetaling av tilskot er i tråd med føresetnadene. Søkjar har plikt til å utlevere all bokføring, korrespondanse og andre

opplysningar som vedkjem tilskotet. Kommunen og Statsforvaltaren kan gjennomføre stadleg kontroll.

Omgjering og tilbakebetaling

Vedtak om innvilga tilskot kan bli gjort om og utbetalt tilskot kan bli kravd betalt tilbake etter forskrift om tilskot til tiltak i Utvalde kulturlandskap i jordbruket og verdsarvområda § 10 dersom det blir avdekka tilhøve som er i strid med det som er føresett ved løyving av tilskotet.

Meir informasjon

På nettsidene til Landbruksdirektoratet kan du finne meir informasjon om Utvalde kulturlandskap i jordbruket. [Utvalgte kulturlandskap i jordbruket - Landbruksdirektoratet](#)

Kart som syner det utvalde kulturlandskapet Stadlandet, grensa for forvaltningsplanen er merka med oransje skravering og markering av kjerneområda med raud strek.

